

Medforfattarane sitt ansvar

TEKST

Knut Dalen

PUBLISERT 1. april 2006

PSY
KOL
OGI

Knut Dalen er medlem av Regional komité for medisinsk forskningsetikk i H Vest, og EU-kommisjonen sitt forskningsetiske ekspertpanel.

Nå har til og med mi gamle mor forstått kvifor det er viktig med forskningsetikk. Ho er kjend for å vere særleg tungnem, men avsløringane av Sudbø sitt fiendskap med forskninga har fått forskningsetikken ut i det offentlege rommet. Om det er aldri så gale, er det godt for noko. Ei viktig side ved forskningsetikken er at ein skal skape tillit til forskninga ute i samfunnet.

Då avsløringane om forskingsjukset kom i midten av januar, var både kunnskaps- og helseminister snøgt ute og fortalde at her måtte det lagast reglar for å hindre juks i framtida. Kunnskapen om at det faktisk finst forskningsetikk var såleis lite kjend ute blant folk flest på dette tidspunktet. Politikarar skal som kjend representere folket. Det var ikkje reglane som mangla, men etterlevinga det hadde skorta på.

I Sudbø-saka ser ein at prosjektleiaren har vorte hengt ut som den store syndaren som har gjort seg skuldig i alvorlege brot på forskningsetikken. Her er det lett å gløyme at han langt frå har vore åleine om arbeidet. Advokaten hans har også poengtert at medforfattarane har vore heilt uskuldige i forskingsjukset. Så enkelt er det nok ikkje. Når mitt innlegg kjem på trykk i Tidsskriftet, skal kommisjonen som granskar forskninga til Sudbø, ha komme med sin rapport. Eg tvilar på om kommisjonen kjem til å vere så eintydig når det gjeld å frikjenne medforfattarane.

I forskarverda har ein i mange år levd med fenomenet «publish or perish». Det er eit krav om at ein må publisere, helst i internasjonale tidsskrift, dersom ein skal ha ein posisjon i den akademiske verda. I dei seinare åra har dette berre vorte meir og meir tydeleg, etter som tildeling av forskingsmidlar i større og større grad byggjer på kva ein kan syne til av vitskaplege publikasjonar. Kampen for tilværet har vorte kampen om «impact»-faktorane. Mang ein forskar har opplevd at folk har stått i kø for å få namnet sitt med på publikasjonen, utan at dei har bidrege med noko særleg i sjølve forskingsarbeidet. For å få ei viss styring på dette, er det utarbeidd etiske retningsliner som skal regulere tilhøvet mellom forskarane. I den medisinske forskingsverda set Vancouverkonvensjonen (International Committee of Medical Journal Editors, 2006) opp tre krav som ein må oppfylle for å vere medforfattar på ein vitskapleg publikasjon. Ein skal ha 1) hatt eit vesentleg bidrag i planlegging og design av prosjektet, eller delteke i datainnsamlinga, eller delteke i analyse eller tolking av data. Vidare skal ein 2) ha komme med vesentlege intellektuelle bidrag då manuskriptet var skriva eller revidert,

og til sist 3) vere med og godkjenne det ferdige arbeidet som vert sendt til publisering. For å komme med på forfattarlista må ein oppfylle alle desse tre krava.

Vi finn liknande krav når det gjeld psykologisk forskning som vert publisert i tidsskrift som følgjer APA-standarden (American Psychological Association, 2001). Til dømes er krava til å bli med på lista over medforfattarar i artiklar publisert i Tidsskriftet bygd på desse prinsippa (Norsk Psykologforening, 2006). Her er dette formulert slik: «Enhver forfatter skal ha deltatt i arbeidet i en slik utstrekning at vedkommende kan ta offentlig ansvar for innholdet. Dette er et viktig etisk prinsipp. Forfatterskap baserer seg på vesentlige bidrag til planlegging og utføring. En person som har bidratt, men ikke fyller kravene til forfatterskap, kan takkes i en kortfattet fotnote. Slik takk forutsetter dennes samtykke.»

Den første artikkelen der det var avslørt at Sudbø hadde juksa, var publisert i det prestisjetunge tidsskriftet *The Lancet* i oktober i fjor. Dette tidsskriftet er rangert på 22. plass mellom dei 1500 mest prestisjetunge biomedisinske tidsskrifta i verda. Såleis vil det være «gull verdt» for ein forskar å ha ein publikasjon i dette tidsskriftet på sin CV. Det var ikkje mindre enn 13 medforfattarar på denne artikkelen. Frå eit forskningsetisk synspunkt stiller eg meg undrande til kva rolle dessa personane har hatt i artikkelen som vart publisert. Når ein ser på krava som vert stilt i Vancouverkonvensjonen for å bli medforfattar, har eg vanskeleg for å forstå at ingen av dei 13 medforfattarane fatta mistanke. Det var vel tilfeldig at denne saka vart offentleggjort fredag den 13., men ut frå eit forskningsetisk synspunkt kan vel nokon av desse 13 forskarane ligge tynt an. Dersom kvar av dei har hatt ei så aktiv rolle som Vancouverkonvensjonen krev, er det underleg at dei ikkje har fått mistanke om at noko var gale.

I løpet av dei siste 60 åra har vi fått ei rad etiske regelverk som skal sikre den etiske standarden på forskning som gjeld menneske. Det er viktig å peike på at det er forskarane sjølve som har teke initiativ til dette. I 1947 fekk vi Nürnberg-kodeksen som kom som ein reaksjon på dei forskningsetiske overgrepa som hadde vorte gjort i dei tyske konsentrasjonsleirane under andre verdskrigen. I 1964 kom den første utgåva av Helsinkideklarasjonen. Denne har vorte revidert mange gonger, og er nå den internasjonale gullstandarden som skal sikre at forskning som gjeld fysisk og mental helse, vert gjennomført på ein etisk forsvarleg måte. Første utgåva av Vancouverkonvensjonen kom i 1978 og har også vorte revidert og modernisert fleire gonger. Første utgåva av APA-manualen kom i 1952, men eg kjenner ikkje til kor lengje krava til medforfattarar har vore med i manualen. Vi har også våre egne etiske prinsipp, *Etiske prinsipper for nordiske psykologer*, som vi skal følgje i all aktivitet der vi nyttar kunnskap som vi har skaffa oss gjennom grunn- og vidareutdanning.

Når det vert ropt høgt om at ein må lage enda fleire reglar, trur eg det er langt meir fornuftig å sjå på dei retningslinene og regelverka som vi alt har. Forskingsetikken skal både sikre at pasientar og forsøkspersonar vert handsama på ein forsvarleg måte, sikre etiske tilhøve mellom forskarane, og sikre at samfunnet har tillit til forskinga. Avsløringane dei siste månadene har ført til at forskningsetikken har vorte løfta ut i det offentlege rommet, og eg er viss på at folk flest, også politikarar og gamle mødrer, veit

meir om forskingsetikk ein dei gjorde ved årsskiftet. Kva skal enda eit nytt regelverk bidra med? Vil det ikkje vere langt meir fornuftig å sjå på kva ein kan gjere for å sikre seg at vi som forskarar er medvitne om dei etiske krava som alt finst. Her har vi eit ansvar både i grunn- og vidareutdanning, og i dagleg utøving av faget, på same måte som vi har eit ansvar når det gjeld profesjonsetikken.

Teksten sto på trykk første gang i Tidsskrift for Norsk psykologforening, Vol 43, nummer 4, 2006, side 321-322

TEKST

Knut Dalen, professor, dr.philos

+ Vis referanser

Referansar

American Psychological Association. (2001).

(Vol. 5). Washington, DC: American Psychological Association.

International Committee of Medical Journal Editors. (2006).

Retrieved 03.03,

2006, from <http://www.icmje.org/>

Norsk Psykologforening. (2006).

Retrieved 03.03, 2006,

from <http://www.psykol.no/?aid=9043844>